

Festidalen trossar finanskrisa, og fleskar til med to nye band på plakaten til sumarens festival. Dei er The Disciplines og Major Parkinson. Festivalleiinga har sendt ut denne pressemeldinga:

“[The Disciplines](#) kjem til Festidalen 1.august, med sin gitarglade, kjappe og humørfylte rock ispeidd sterke indie-undertonar. Bandet består av tre fjerdedelar av det norske bandet Briskeby, og amerikanar og frontfigur Ken Stringfellow. Sistnemnde er kjend frå ei lang popkarriere med powerpopbandet The Posies, og har i ei årrekke bidrege i både REM og Big Star.

Bandet platedebuterte våren 2008 med plata "Smoking Kills", og har hatt radiohittar som "Oslo" og "Best Mistake". Plata har blitt karakterisert som "heilstøypt eksempel på korleis god rock skal vera", og kanskje Festidalen-publikummet får oppleve ein Stringfellow som rockar av seg skoa slik han gjorde på Midnattsrocken sumaren 2008...?

Det energiske rockebandet [Major Parkinson](#), opprinneleg frå Odda, hausta strålende kritikkar for sitt debutalbum hausten 2008. Den sjølvtitulerte plata, innspela hjå superprodusenten Sylvia Massey (produsent for bl.a. Tom Petty, Johnny Cash og Red Hot Chili Peppers), har blitt karakterisert som "ei heftig forundringspakke av ei plate". Bandet skil seg ut i mengda med skeive melodiar, energiske liveshow og karisma, og har blant anna blitt spådd til å bli det nye Kaizers Orchestra. Dei er allereie blitt så smått legendariske for sine live-show.

Festidalen var sjølve tilstades under eine konserten deira på By:Larm i Oslo i februar, og kan skrive under på at dette fyrverkeriet av eitt rockeband absolutt er verdt å få med seg!

Elles kan me opplysa om at [billettsalet](#) er i full gang!
Festivalpass 600,-, fredagsbilletter 350,- og laurdagsbilletter 400,-

Billetter kan kjøpast på www.billettservice.no”

www.thedisciplines.com
<http://www.myspace.com/disciplines>

www.majorparkinson.com
<http://www.myspace.com/majorparkinson>